

# Rettane til sterkt svaksynte og blinde elevar Udir-9-2012

Sterkt svaksynte og blinde elevar har rett til nødvendig opplæring i punktskrift og opplæring i bruk av nødvendige tekniske hjelpemiddel. Elevane har òg rett til nødvendig opplæring i å ta seg fram på skolen, til og frå skolen og i heimmiljøet. Retten gjeld både elevar i grunnskolen og elevar i vidaregåande opplæring.

---

**RUNDSKRIV** | SIST ENDRA: 01.07.2022

---

## Gjelder

- [Opplæringslova - § 2-14 Punktskriftopplæring m.m.](#)
- [Opplæringslova - § 3-10 Punktskriftopplæring m.m.](#)

## Kven har rett på opplæring etter §§ 2-14 og 3-10?

For at ein elev skal ha rett på opplæring etter §§ 2-14 eller 3-10, må opplæringa vere nødvendig. Det vil seie at eleven må ha behov for opplæringa.

Regelen gjeld berre for blinde og sterkt svaksynte. Om eleven skal karakteriserast som blind eller sterkt svaksynt, har samanheng med elevens behov.

Dersom ein elev har behov for opplæring i ei eller fleire av dei ferdigheitene som er omfatta av reglane, og behovet kjem av at eleven manglar syn, har eleven rett på slik opplæring. Det er til dømes ikkje tilstrekkeleg at ein elev vil lære seg punktskrift fordi ein forelder er blind.

Kriterium i lovteksten om at opplæringa skal vere nødvendig, inneber at innhaldet i opplæringa skal vere nødvendig for eleven. Omfanget blir ikkje avgrensa av denne formuleringa, men av reglar i forskrift til opplæringslova, nærmare omtalt under.

## Omfanget av opplæringa

I grunnskolen har dei sterkt svaksynte og blinde elevane rett til inntil 1525 timar nødvendig opplæring i punktskrift, opplæring i bruk av nødvendige tekniske hjelpemiddel, og opplæring i å ta seg fram på skolen, til og frå skolen og i heimemiljøet, i tillegg til den ordinære timeramma i fag- og timefordelinga. Omfanget av opplæringa i tid er fastsett i forskrift til opplæringslova § 1-1 bokstav f.

I vidaregåande opplæring har dei sterkt svaksynte og blinde elevane rett til inntil 456 timar nødvendig opplæring i punktskrift, opplæring i bruk av nødvendige tekniske hjelpemiddel, og opplæring i å ta seg fram på skolen, til og frå skolen og i heimemiljøet, i tillegg til den ordinære timeramma i fag- og timefordelinga. Omfanget av opplæringa i tid er fastsett i forskrift til opplæringslova § 1-3 første ledd bokstav b.

Omfanget av opplæringa til den enkelte eleven må gå fram av enkeltvedtaket.

Sjølv om formuleringa i § 1-1 bokstav f og § 1-3 første ledd bokstav b er «rett til punktskriftopplæring med mer», snevrar ikkje det inn kva slags opplæring som er omfatta av reglane. Både punktskriftopplæring og anna opplæring som er nemnde i §§ 2-14 eller 3-10, er omfatta.

## Utvida opplæringstid

Elevar som har rett til opplæring etter § 3-10, har rett til vidaregåande opplæring i inntil to år ekstra når eleven treng det i høve til måla i læreplanane for fag, eventuelt opplæringsmåla for den enkelte. Regelverket for utvida tid finn de i opplæringslova § 3-1 femte ledd. Det skal liggje føre ei sakkunnig vurdering av dei særlege behova eleven har, før fylkeskommunen gjer vedtak om utvida opplæringstid. For at eleven skal få innvilga utvida opplæringstid, er det ein føresetnad at eleven kan ha utbytte av den utvida tida, og eleven har da rett til opplæring på heiltid. Statsforvalteren er klageinstans for vedtak om utvida opplæringstid.

## Innhaldet i opplæringa

Læreplanverket for Kunnskapsløftet inneheld ikkje nasjonale læreplanar for opplæring etter §§ 2-14 og 3-10. Opplæring som er omfatta av reglane, er som nemnt

- nødvendig opplæring i punktskrift
- opplæring i bruk av nødvendige tekniske hjelpemidler

- nødvendig opplæring i å ta seg fram på skolen, til og frå skolen og i heimemiljøet

Ettersom det ikkje finst eigne læreplanar eller kompetansemål for opplæring i desse ferdigheitene, skal elevane heller ikkje ha vurdering med karakter for den opplæringa dei får etter reglane.

Sjølv om overskrifta for reglane er «Punktskriftopplæring m.m.», omfattar reglane ikkje berre rett til punktskriftopplæring. Retten til punktskriftopplæring er heller ikkje sterkare enn retten til opplæring i bruk av nødvendige tekniske hjelpemiddel og retten til nødvendig opplæring i å ta seg fram på skolen, til og frå skolen og i heimemiljøet.

Blinde og sterkt svaksynte elevar har rett til nødvendig opplæring i alle ferdigheitene som er nemnde i regelen. Opplæringa skal i alle høve leggjast opp etter behovet til den enkelte eleven, og kan derfor eventuelt omfatte berre nokre av dei ferdigheitene lovregelen nemner.

## **Ansvar og saksbehandling**

Det er skoleeigaren, høvesvis kommunen og fylkeskommunen, som har ansvaret for å oppfylle retten til opplæring etter opplæringslova §§ 2-14 og 3-10 (opplæringslova § 13-1 til § 13-3a). Skoleeigaren må derfor syte for tilstrekkeleg personale med synspedagogisk og spesialpedagogisk kompetanse.

Når kommunen eller fylkeskommunen tek stilling til dei rettane eleven har etter opplæringslova §§ 2-14 og 3-10, er dette eit enkeltvedtak som det kan klagast på. Før skoleeigaren kan gjere eit enkeltvedtak, skal det ligge føre ei sakkunnig vurdering frå PP-tenesta. Statsforvaltaren er klageinstans for enkeltvedtak som gjeld rettar etter § 2-14 (opplæringslova § 15-2 første ledd). Enkeltvedtak som er gjort etter opplæringslova § 3-10, kan det klagast på internt i fylkeskommunen (forvaltningslova §§ 2 og 28).

## **Kva for skole skal elevane gå på?**

Elevar i grunnskolealder har rett til å gå på den nærmaste grunnskolen eller ved den skolen i nærmiljøet som dei soknar til (opplæringslova § 8-1 første ledd). Denne retten gjeld òg for sterkt svaksynte og blinde elevar. Avgjerda i kommunen om kva for skole eleven skal gå på, er eit enkeltvedtak som det kan klagast på til statsforvaltaren.

Elevar i vidaregåande opplæring har ikkje tilsvarende rett til å gå på nærskolen. Regelverket for inntak av elevar til vidaregåande opplæring finn de i kapittel 6 i forskrift til opplæringslova. Det er likevel viktig at kommunen, fylkeskommunen og elev/foreldre i god tid før opptak til vidaregåande opplæring får i stand ein dialog. På den måten kan fylkeskommunen i størst mogleg grad førebu seg ved mellom anna å tileigne seg nødvendig kompetanse og skaffe nødvendige læremiddel.

## **Sterkt svaksynte og blinde elevar skal tilhøyre ei gruppe eller klasse**

Også sterkt svaksynte og blinde elevar skal tilhøyre ei ordinær klasse/basisgruppe (opplæringslova § 8-2). Gruppa må ikkje vere større enn det som er forsvarleg ut frå pedagogiske omsyn og tryggleik. Eit av dei viktigaste måla på om gruppestorleiken er forsvarleg, er om opplæringa i tilstrekkeleg grad er tilpassa føresetnadene til dei enkelte elevane. Organiseringa i klasser/basisgrupper skal sikre det behovet elevane har for sosial tilhøyrse.

Organiseringa skal til vanleg ikkje skje etter fagleg nivå, kjønn eller etnisk tilhøyrse. Grunngevinga for denne avgrensinga er å sikre opplæringa som ein møteplass for alle elevar uavhengig av bakgrunn, funksjonshemming og føresetnader.

## Spesialundervisning

Opplæring etter opplæringslova §§ 2-14 og 3-10 blir ikkje rekna som spesialundervisning slik ho er meint i opplæringslova, og er derfor ikkje omfatta av regelverket om spesialundervisning (opplæringslova kapittel 5). Ein elev kan både ha rett til opplæring etter §§ 2-14 eller 3-10 og til spesialundervisning.

Dersom eleven i tillegg har behov for spesialundervisning, har eleven rett på det, akkurat som andre elevar. Vilåret for å ha rett til spesialundervisning er at eleven ikkje har, eller ikkje kan få tilfredsstillande utbytte av det ordinære opplæringstilbodet.

Det skal da gjerast to separate vedtak. Vedtaka kan gjerast på bakgrunn av to ulike sakkunnige vurderingar. Dersom den same sakkunnige vurderinga blir brukt for å gjere vedtak både om spesialundervisning og opplæring etter §§ 2-14 eller 3-10, må den sakkunnige vurderinga både oppfylle krava til sakkunnig vurdering etter § 5-3 og krava etter §§ 2-14 eller 3-10.

Veilederen Spesialundervisning.

## Andre kjelder

Vi ønskjer òg å minne om at det på [udir.no](http://udir.no) finst tolkingsfråsegner som mellom anna omtaler rett til hjelpemiddel etter kapittel 5 og særskild tilrettelegging av eksamen etter § 3-29 i forskrift til opplæringslova. Vi viser òg til [rundskriv Skolemiljø Udir-3-2017](#). Dei nemnde ressursane kan vere til hjelp i arbeidet med å få ei oversikt over nokre av rettane til elevane, også rettane til blinde og sterkt svaksynte.

Når det gjeld vaksne som får opplæring etter opplæringslova kapittel 4A, viser vi til rundskriv Udir-3-2012 om den retten vaksne har til grunnskoleopplæring etter opplæringslova kapittel 4A, og til rundskriv Udir-2-2008 om den retten vaksne har til vidaregåande opplæring etter opplæringslova kapittel 4A.